

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 30.11.2018

Stad: Flå, Flå Veksthus

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt

Sissel Kleven, regionkontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Ole Jørgen Hallingstad,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 45/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 4.10.2018

Vedtak

Protokollen er godkjent.

SAK 46/18 FELLES AVLØPSKONTOR HALLINGDAL

Anders Halland, kommunalsjef teknisk eining Nes kommune og Reidun Aaker, drifts- og utviklingssjef Ål kommune, orienterte om saka. Vedlagt presentasjon.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar Teknisk leiarforum i Hallingdal sitt arbeid med felles avløpskontor (forvaltningskontor for avløp) i Hallingdal og punkt i vedtak i Rådmannsutvalet:

- *Det settes i gang et forprosjekt for å forberede etablering av et interkommunalt avløpskontor.*
- *Forprosjektet må styres av en koordinator i 20-40% stilling i 2019.*
- *TLF er styringsgruppe for prosjektet*
- *Det legges fram en prosjektrapport innen august 2019*
- *Rapporten behandles politisk og administrativt med tanke på etablering av et kontor i 2020.*
- *Det søkes om etableringsmidler fra Fylkeskommunen.*

SAK 47/18 OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal til å vidareføre avtale med Radio Hallingdal. Regionrådet vil rå til at rådmannsutvalet får ansvar for å koma fram til ei avtale i forhold til kostnad og varigheit.
2. Regionrådet for Hallingdal ser det som føremålstenleg å gjera ei breiare vurdering av moglegheiter og behov i forhold til eit visst framtidsperspektiv, og tek initiativ til ei slik vurdering.

SAK 48/18 ETABLERING AV BARNEHUS

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å arbeide vidare med vurderingar barnehus, dagleg leiar førebur sak til neste møte.

SAK 49/18 HØYRINGSUTTALE – KUNST OG KULTURSTRATEGI FOR BUSKERUD 2019 – 2022

Kommunane i Hallingdal ved kultursjefane har gjeve ei samla uttale i forhold til [Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 – 2022](#). Det er eit ynskje at Regionrådet for Hallingdal støttar uttala. Uttale er lagt ved møteboka.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar høyringsuttale frå kommunane i Hallingdal dat. 25.10.2018, vedr. Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 – 2022.

SAK 50/18 MØTEPLAN 2019

Vedtak

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 1.2.2019	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 22.2.2019	09:00	Hol	Regionrådet
Torsdag - fredag 4.4-5.4.2019	09:00	Gol	Regionrådet/rådmannsutvalet
Fredag 26.4.2019	09:00	Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 24.5.2019	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 28.6.2019	09:00	Flå	Regionrådet
Fredag 30.8.2019	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 18.10.2019	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 1.11.2019	09:00	Nes	Hallingtinget
Fredag 29.11.2019	09:00	Flå	Regionrådet
Fredag 20.12.2019	09:00	Hol	Regionrådet

SAK 51/18 NORGES REISELIVSFAGSKOLE, FINANSIERING

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt og viktig, både for næringa og Hallingdal, at det blir etablert ei fagskule for reiseliv på Geilo.
2. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til å vera med på ei finansiering i ein oppstartsfase, med slik fordeling:
 - a. Hol kommune kr. 600.000 fordelt over 3 år.
 - b. Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå; kr. 80.000 kvar kommune, fordelt over år 2 og 3.
3. Regionrådet nyttar kr. 200.000 frå disposisjonsfondet til finansiering av år.1
4. Dagleg leiar får i oppgåve å avklare reiselivsnæringa på Geilo sitt eventuelle økonomiske bidrag til etablering av fagskula.

SAK 52/18 EVENTUELT

Samhandling mellom kommuneadministrasjonane og Regionrådet

Det er viktig at tiltak, planar og prosjekt som involvera kommuneadministrasjonane må informerast om og forankrast på ein best mogeleg måte. Rådmannsutvalet og dagleg leiar drøftar dette nærare for å koma fram til gode rutinar/løysingar.

Hyttemessa på Flå (Hyttehallingen)

Det var ei orientering om erfaringar og attendemeldingar i forhold til hyttemesa 21-23. september 2018. I grove trekk er erfaringane gode og attendemeldingane frå utstillarar positive. Det vil bli arrangert tilsvarande hyttemesse i 2019.

Arrangere idrettens festkveld

Solveig Vestenfor tok opp spørsmålet om det kan vera aktuelt at Hallingdal går saman om å arrangere «idrettens festkveld», med m.a. utdeling av eldsjelprisar. Temaet blir teke opp på neste møte, der også kultursjefane i kommunane blir invitert til å delta.

Dialektløft

Språk og styrking av dialektbruk har vore tema ved fleire høve, når regionrådet er samla. Det har og vore gjeve tilskot til prosjekt som «Hått Halling» og «Folkesong i Hallingdal» Det er ynskjeleg at språk og dialektbruk blir eit tema på neste regionrådsmøte, der også kultursjefane deltek. Skal vurderast om også oppvekstleiarforum bør inviterast. Spørsmålet vil m.a. vera; skal det gjerast noko, kva skal event. gjerast og kven skal ta eit ansvar.

Viken

Heidi Granli og Knut Arne Gurigard orienterte om [dialogmøte med Viken fylkeskommune 15. november](#). Petter Rukke og Heidi Granli orienterte om besøk av representantar fyrst og fremst frå gruppe (P6), som har ansvar for samfunnsutviklarrollen i Viken fylkeskommune. Dei besøkte Geilo 15.11 og Gol vidaregåande skule 16.11.

Knut Arne Gurigard orienterte kort om idear for distriktskontor i Viken fylkeskommune. Det skal leggjast fram nærare planar til neste møte.

Forsikring

Dagleg leiar orienterte om tilbodskonkurransen som er gjennomført i forhold til felles forsikringsordning for kommunane i Hallingdal.

HALLIS – Hallingdal for allmennleger i spesialisering

Heidi Granli orienterte om HALLIS. Fastlegeordninga i Noreg er under press.

For å prøve å gjera noko med dette, har ein nokre stader i landet etablert prosjekt for utdanningsstillingar i allmennmedisin, mellom anna det såkalla ALIS-Vest prosjektet. Der tilbyr ein nyutdanna legar fast lønn i 5 år, ferdig planlagt sjukehuseneste og ferdig opplegg for rettleiing. Helsedirektoratet støttar prosjektet med kr. 200.000,- pr. legestilling. Dette prosjektet har vist positive resultat.

Hallinghelse søkte våren -18 Helsedirektoratet om midlar til eit forprosjekt for å meisle ut eit prosjekt for utdanningsstillingar i Hallingdal (HALLIS). Hol kommune står som vertskommune for prosjektet og fekk tildelt kr. 400.000,- til arbeidet. Det er tilsett to allmennlegar i små deltidsstillingar for å leie arbeidet og det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå legane og kommunalsjefane for helse og omsorg og der Heidi Granli er med frå politisk nivå. Det skal rundt nyttår leggjast fram ein modell for HALLIS, slik at kommunane kan ta stilling til prosjektet og melde seg på til ein søknad om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet innan 1. mars 2019.

Kommunennummer

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fastsatt nye kommune- og fylkesnummer, som vil gjelde frå 1. januar 2020. Når fylkeskommunar slår seg saman, får kommunane tildelt nytt kommunenummer. Det skuldast at kommunenummeret sine to fyrste siffer skal vera identiske med fylkesnummerets.

PA Consulting har på oppdrag frå KS utgreid konsekvensar av å endre kommunenummer.

Her er det og gitt nokre tilrådingar til kommunane:

- *Organiser endring av kommunenummer som et prosjekt på tvers av fag og IT.*
- *Start tidlig med å lage en plan og involvere berørte aktører.*
- *Bruk muligheten til å gjennomføre forbedringer*

Utgreiinga svarar på følgjande problemstillingar:

- Kva må gjerast av endringar i ei kommune som følgje av å få tildelt nytt kommunenummer?
- Korleis kan kommunane best gjera desse endringane?
- Kor mykje ressursar vil det krevje av små, mellomstore og store kommunar?

I tillegg er det utarbeida ei sjekklister som gir eit praktisk overblikk over typiske oppgåver som må gjerast. Endring av kommunenummer fører til konsekvensar for alle sektorar og støttefunksjonar i kommunane.

Dei største kostnadane for kommunane er knytt til bruk av interne ressursar, sidan dei fleste konsekvensane av å endre kommunenummer må handterast av kommunen. Samla kostnadar for små kommunar er rekna til ca.150.000 kroner.

Fylkessamanslåing vil og føre til kostandar for næringslivet, t.d. må produsentnummer i landbruket endrast.

Det vart drøfta om prosess med endring av kommunenummer kan reverserast, noko som ikkje er realistisk. Spørsmålet blir korleis kommunane i Hallingdal best kan samarbeide om gjennomføring.

Hallingdal 3.12.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar